

Soknerådet i Gjesdal Sokn går for alternativ 3: ei rein valgordning for biskopar.

Dette oppfattar vi som det klart mest demokratiske. Alternativet gir størst legitimitet i forhold til dei lokale sokna som biskopen har ansvar for og skal tene. Ein biskop med sterkt lokalt votum har særskilt gode føresetnader for å kunne gjere ein god jobb, møte lokale behov etc.

Samstundes vil ein gjennom nominasjonsprosessen og det faktum at kyrkjelandskapet i dei ulike bispedømme er ulike, vil få breidd i samansetninga av bispekollegiet når det gjeld erfaringsbakgrunn, kompetanse mv. Samansetning og variasjon i bispekollegiet vil dermed avspegle det geografiske mangfaldet i kyrkjelandskapet.

Når det gjeld kjønn kan ein dessutan sette krav til at det skal vere minst 40% av kvinner/menn blant dei som eit bispedømmeråd nominerer.

Erfaringar med at eit sentralt organ til sist er det som avgjer er me sterkt i mot. Det vil med sikkerhet auka avstanden mellom sentralnivået og lokalnivået. Ei politisert kyrkje vil komme i motsetnad til kva som er kyrkjens grunnleggande karakter.

Gjesdal sokneråd 15. mars 2016